



**OSTERØY**  
KOMMUNE

**MØTEBOK**  
**Heradsstyret**



---

**Møtedato:** 11.12.2025  
**Møtetid:** 09:00 - -15:00  
**Møtestad:** Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

---

**Frammøtte faste medlemmer**

| <b>Namn</b>                 | <b>Rolle</b> | <b>Parti</b> |
|-----------------------------|--------------|--------------|
| Kurt Ove Øksnes             | Medlem       | FRP          |
| Lars Fjeldstad              | Ordfører     | SP           |
| Alexander Thunestvedt       | Varaordfører | AP           |
| Turid Bjørndal Njåstad      | Medlem       | SP           |
| Helge Valestrand Edvardsdal | Medlem       | SP           |
| Gerd Karin Njaastad         | Medlem       | SP           |
| Johannes Haugland           | Medlem       | SP           |
| Janne Daltveit Tveit        | Medlem       | SP           |
| Frode Flesland              | Medlem       | SP           |
| Herdis Helle                | Medlem       | AP           |
| Ann Kristin Borge           | Medlem       | AP           |
| Geir Olsen                  | Medlem       | AP           |
| Jarle Skeidsvoll            | Medlem       | KRF          |
| Bjarte Hammer Aarland       | Medlem       | KRF          |
| Kim Andre Hartveit          | Medlem       | FRP          |
| Sigmund Arve Faugstad       | Medlem       | FRP          |
| Ragnar J Tyssebotn          | Medlem       | FRP          |
| Johannes O Borge            | Medlem       | H            |
| Aksel Mjøs                  | Medlem       | H            |
| Roald Waldemar Martinsen    | Medlem       | H            |
| Renathe Tangen              | Medlem       | V            |
| Roy Husebø                  | Medlem       | INP          |
| Trygve Tønnessen            | Medlem       | FRP          |

**Faste medlemmer som ikkje møtte**

| <b>Namn</b> | <b>Rolle</b> | <b>Parti</b> |
|-------------|--------------|--------------|
|-------------|--------------|--------------|

|                          |      |     |
|--------------------------|------|-----|
| Sebastian Andre Haugland | MEDL | H   |
| Ann Helen Solberg        | MEDL | FRP |
| Ruben Nielsen            | MEDL | FRP |
| Synne Thunestvedt        | MEDL | SV  |

#### **Frammøtte varamedlemmer**

| <b>Namn</b>          | <b>Vara for</b> | <b>Parti</b> |
|----------------------|-----------------|--------------|
| Ingunn Vedå          |                 | FRP          |
| Tor Georg Hella      |                 | H            |
| Kjellaug Hartveit    |                 | SP           |
| Kari Laurhammer Mjøs |                 | KRF          |
| Kari Foseid Aakre    |                 | AP           |
| Sylvi Ann Hanstvedt  |                 | AP           |

#### **Følgjande frå administrasjonen møte:**

Aleksander Bergli

#### **Ekstra informasjon til møte:**

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

## Sakliste

| Saksnr    | Tittel                                                                                                     | Unntak frå innsyn |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------|
| RS 59/25  | Orientering frå VLFK                                                                                       |                   |
| RS 60/25  | Årets Ostring                                                                                              |                   |
| PS 110/25 | Godkjenning av innkalling og saksliste                                                                     |                   |
| PS 111/25 | Godkjenning av møtebok 06.11.2025                                                                          |                   |
| RS 61/25  | Protokoll Osterøy kontrollutval 27.11.25                                                                   |                   |
| RS 62/25  | Møteutskrift sak 39/25 Tilbakerapportering eigarskapskontroll Osterøy aktiv                                |                   |
| RS 63/25  | Protokoll 3-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 24.10.2025                                                |                   |
| RS 64/25  | Vedtak i Fylkesutvalet om Båtruta Osterfjorden                                                             |                   |
| RS 65/25  | Kopi - Høyringsinnspel frå Regionrådet Nordhordland – tomteval for nybygg for Austrheim vidaregåande skule |                   |
| RS 66/25  | Høyring - Ny forskrift om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet                                |                   |
| RS 67/25  | Årsmelding 2024 - 2025 - mobbeombodet i Vestland                                                           |                   |
| RS 68/25  | Orientering om søknad om midlar til Håsong 2026                                                            |                   |
| RS 69/25  | Protokoll frå styremøte i IKTNH 21.11.2025                                                                 |                   |
| PS 112/25 | Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029                                                                     |                   |
| PS 113/25 | Søknad om fritak for eigedomsskatt                                                                         |                   |
| PS 114/25 | Avtale om vertskommunesamarbeid om feie- og tilsynstjenester                                               |                   |
| PS 115/25 | Avtale om vertskommunesamarbeid om brann- og redningstjenester                                             |                   |
| PS 116/25 | Investeringsreglement Osterøy kommune                                                                      |                   |
| PS 117/25 | Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta                 |                   |
| PS 118/25 | Rangering tilskotsordninga inkludering av barn og unge                                                     |                   |

**PS 119/25** Rangering av søknader om tilskot til verna kulturminne

**PS 120/25** 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad

**PS 121/25** Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.

**PS 122/25** Praktisk gjennomføring av politiske møter for periode 2023-2027

**PS 123/25** Val av ungdomsråd for perioden 2026-2027

**PS 124/25** Andre saker/Spørsmål/Interpellasjonar

**EV 3/25** Evaluering

*Lars FjeldstadOrdfører*

RS 59/25 Orientering frå VLFK

RS 60/25 Årets Ostring

PS 110/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 110/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:**

Bjarte Aarland (Krf) ønskte å løfte saka om Osterøy-hjelpe mot slutten av møtet.

-----

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjend.

-----

**Tilleggsforslag frå Lars Fjeldstad(Sp):**

RS 62 vert sett opp som politisk sak.

PS 113 vert først opp som første ordinære politiske sak.

RS 66 vert sett opp som politisk sak

**Votering:**

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjende med tilleggssforslag frå Lars Fjelstad (Sp).

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 110/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

**Innkalling og saksliste vart godkjend.**

-----

**RS 62 vert sett opp som politisk sak.**

**PS 113 vert først opp som første ordinære politiske sak.**

**RS 66 vert sett opp som politisk sak**

PS 111/25 Godkjenning av møtebok 06.11.2025

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 111/2025 Godkjenning av møtebok 06.11.2025:

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møtebok frå 06.11.2025 vert godkjend.

**Votering:**

Møteboka vart samrøystes godkjend.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 111/2025 Godkjenning av møtebok 06.11.2025:

**Møtebok frå 06.11.2025 vart godkjend.**

RS 61/25 Protokoll Osterøy kontrollutval 27.11.25

RS 62/25 Møteutskrift sak 39/25 Tilbakerapportering  
eigarskapskontroll Osterøy aktiv

RS 63/25 Protokoll 3-2025 Regionrådet Nordhordland fredag  
24.10.2025

RS 64/25 Vedtak i Fylkesutvalet om Båtruta Osterfjorden

RS 65/25 Kopi - Høyringsinnspel frå Regionrådet Nordhordland –  
tomteval for nybygg for Austrheim vidaregåande skule

RS 66/25 Høyring - Ny forskrift om tilskot til anlegg for idrett og fysisk  
aktivitet

RS 67/25 Årsmelding 2024 - 2025 - mobbeombodet i Vestland

RS 68/25 Orientering om søknad om midlar til Håsong 2026

RS 69/25 Protokoll frå styremøte i IKTNH 21.11.2025

PS 112/25 Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029

**Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 112/2025 Budsjett 2026 og  
Økonomiplan 2026-2029:**

Herdis Helle (Ap) bad om at gildskapen hennar vart vurdert før saka vart handsama. Det vart  
ikkje kalla inn vara.

Herdis Helle (Ap) vart samrøystes vurdert som gild.

-----

Alexander Thunestvedt (Ap) bad om at gildskapen hans vart vurdert før saka vart  
handsama. Som vara vart Kari Foseid Aakre(Ap) kalla inn.

Ann Kristin Borge (Ap) bad om at gildskapen hennar vart vurdert før saka vart  
handsama. Som vara vart Sylvi Ann Hanstvedt (Ap) kalla inn.

I samband med gildskapssaka til Alexander Thunestvedt (Ap) og Ann Kristin Borge (Ap) vart  
Kim Andre Hartveit (Frp) samrøystes vald som setjevaraordførar.

Alexander Thunestvedt (Ap) vart kjend gild med 20 røyster for og 7 røyster mot (7 Frp).

Ann Kristin Borge (Ap) vart kjend gild med 20 røyster for og 7 røyster mot (7 Frp).

Vara Kari Foseid Aakre (Ap) og Sylvi Ann Hanstvedt (Ap) forlet møtet, og Alexander Thunestvedt (Ap) og Ann Kristin Borge (Ap) tok plassane sine att.

-----

### **Innstilling frå Formannskapet:**

Budsjett for 2026, økonomiplan 2026-2029 samt investeringsplan for 2026-2029 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2026:

|                                      |         |
|--------------------------------------|---------|
| Midlar til fordeling (frå 1A)        | 647 838 |
| Fellestenester                       | 50 492  |
| Oppvekst, undervisning og kultur     | 270 428 |
| Helse, omsorg og sosial              | 290 374 |
| Samfunnsutvikling (inkl sjølvkost)   | 38 942  |
| Sum                                  | 650 236 |
|                                      | 0       |
| Sentrale poster                      | -17 657 |
| Lønsreserve                          | 11 150  |
| Netto driftsresultat                 | 4 109   |
| Bruk av bundne driftsfond            | 1 778   |
| Avsettingar til disposisjonsfond     | -3 502  |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | -2 384  |
| Fremført til inndecking seinare år   | 0       |

1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3,5 % frå 01.01.26 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

2. Med verknad frå 01.01.2026 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2026»
3. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert fastsett frå 01.01.26 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2026 Plan-teknisk forvaltning - framlegg» med heimel i plan og bygningslova §33-1.

#### 4. Renovasjonsgebyr.

- a. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhører Osterøy Kommune.
- b. Prisen på renovasjonstenesta for 2026 vert auka med 5,9 % for dei aller fleste gebyr. Meir informasjon i vedlgat prismatrise. Kommunal påslag vert sett til kr 8,- eksl mva for 2026 .

- c. Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2026.

1. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).

#### 2. Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:

- a. Korttidsplass Mindre enn 9 timar veke  
01.01.26)utgår frå 01.08.26 kr.2 350 (økt med 4,4 % frå 01.01.26)
- b. Halvplass 10-14 timar veke  
utgår frå 01.08.26 kr.2 800 (økt med 3,7% frå 01.01.26)
- c. Heil plass Meir enn 15 timar veke kr.3 400 (økt med 3,0% frå 01.01.26)

Frå 1.8.tilbyr vi berre heil plass ( i tillegg til gratistibod 1.-3. trinn )

Kr. 3 500(økt med nye 2,9% frå 01.08.26)

d.

|                          |                                            |
|--------------------------|--------------------------------------------|
| Full plass 1. -3. klasse | kr. 1 700,-(økt med 6,3% frå 01.01.26)     |
|                          | kr. 1 800,-(økt med nye 5,9% frå 01.08.26) |
| Dagsats                  | Kr. 525,-(økt med 5% frå 01.08.26)         |
| Sats enkelttimar         | Kr. 126,-(økt med 5% frå 01.08.26)         |
| Gebyr ved sein henting   | Kr. 367,- (økt med 5 % frå 01.08.26)       |

1. Brukarbetaling for kulturskulen vert auka med 3,5 % for dei fleste betalingssatsene. Meir informasjon i vedlagt prisoversikt.

2. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2026 frå helse- og omsorgsdepartementet.

3. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

4. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2026 vert kr 82,6 millionar, herav sjølvkostlån kr 17,05 millionar.

5. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 30 millionar.

6. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

7. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2026.

a. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

b. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.

c. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.

d. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre

e. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

1. Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjetttrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

2. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

3. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

4. Budsjettamma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 6,150 millionar inkl kommunal tenesteyting.

5. Budsjettforslaget for kontrollutvalet vert kr. 1 965 838,- .

-----

Driftstilskotet til Osterøy utvikling skal vera på 1,5 millionar i 2026

500 000 vert sett på disposisjonsfond.

-----

Kommunedirektøren skal vurdere ei prøveordning med VTO-arbeidsplassar i barnehage (finansiert ved nytt statleg tilskot på kr 310 520 kroner), og eventuelt også i skule og helse, dersom det kan gje innsparingar.

-----

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan vert vedteke med fylgjande endringar:

Kutt:

2026 og resten av økonomiplanperioden:

Reduksjon vikarbudsjett skule: 160 000 kr

Legge ned frivilligsentralen: 170 000 kr

Auke sum omorganisering oppvekst: 350 000 kr

Frå 2027 og resten av økonomiplanperioden:

Reduksjon i leigeutgifter til Osterøy Utvikling: 500 000 kr

Framleige av lokale til frivilligsentralen: 200 000 kr

Legge ned frivilligsentralen: 30 000 kr (Totalt 200 000 kr, heilårseffekt)

Påplussingar:

2026 og resten av økonomiplanperioden:

Legge inn igjen midlar til arrangement i kulturskulen: 50 000 kr

Ikkje kutte i kontaktlærartillegg: 160 000 kr

Frå 2027 og resten av økonomiplanperioden:

Ikkje kutte i kontaktlærartillegg: 160 000 kr (totalt 320 000 kr i heilårseffekt)

Endring i investeringsbudsjett:

Asfaltering parkering Rolland vert gjort om til grusing og summen vert sett til 100 000 kr.

Totalt aukar overskotet i 2026 med 470 000 kr og årleg 530 000 kr i resten av økonomiplanperioden.

I tillegg fremjast fylgjande verbalpunkt:

- Hogstmoden skog eig av Osterøy kommune skal avvirkast i 2026 der det er lønsamt.

- Alle verbalpunkt skal rapporterast på i samband med tertialrapport

-----

### **Framlegg til vedtak frå Frp og Herdis Helle (Ap)**

Budsjett for 2026, økonomiplan 2026-2029 samt investeringsplan for 2026-2029 vert vedteke på grunnlag av kommunedirektøren si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettdokument og hovudoversikter *med fylgjande endringar*, og der kommunedirektøren skal justere framlegget til driftsrammer for 2026 i samsvar med vedtekne endringar:

### **Driftsbudsjettet**

Kommunedirektøren skal gjennomføre fylgjande **kutt/innsparingstiltak**:

- 1) Avvikle frivilligsentralen. Arbeidet med utstyrssentralen/utstyrsbiblioteket skal søkast vidareført ved hjelp av andre deler av kultursektoren/Smia.
- 2) Avvikle Levekårsutvalet. Formannskapet overtek sakene til dette utvalet.
- 3) Avvikle/'rekommunalisere' Osterøy Utvikling AS. Prosessen skal søkast gjennomført som ei verksemdsoverdraging med det føremål å behalde dagleg leiar som næringskonsulent, som skal sortere under sektor for samfunnsutvikling, for det tilfellet ho ynskjer og er motivert for ei slik ordning. Kommunedirektøren skal fylgje opp avviklinga med ei sak til heradsstyret med tilråding av om dei faste eigedommane til selskapet skal seljast eller behaldast i kommunal eige.
- 4) I feriane skal det vere felles SFO på berre ein av dei kommunale skulane, om dette gjev innsparing. Det kan vurderast SFO på to heller enn ein skule dersom det vil gje større innsparing.
- 5) Kutte to årsverk i kulturskulen. Forslagsstillarane er innforstått med at dette vil leie til mindre breidde i tilbodet og kan gå ut over kvaliteten på undervisninga/muligheten til undervisning i mindre grupper.
- 6) Undersøke om talet på årsverk på Lonevåg skule kan reduserast, med minimum to, sidan elevtalet der går ned. Opne for at elevar i den tidlegare Haugekrinsen kan søke og få skuleplass på Lonevåg skule for å få ei jamnare elevfordeling mellom Valestrand og Lonevåg skulane.
- 7) Iverksetje strakstiltak for å prøve og redusere sjukefråvær i skule, som ligg på om lag 11%.
- 8) Det er vanskeleg å få tak i nok pedagogar til barnehage og skule. For å sikre at vi beheld dei vi har og får tak i eit tilstrekkeleg tal nye, bør kommunedirektøren prøve å skjerme pedagogisk personale for merkantilt arbeid og arbeid som miljøarbeidarar og pedagogiske assistentar kan gjere. Ved naturleg avgang av pedagogar bør det – dersom avgang utløyser personalbehov – undersøkast om det alternativt kan tilsetjast miljøarbeidar, pedagogisk assistent og fagarbeidar handel og kontor. Føremålet er å avlaste det pedagogiske personalet og skuleleiinga med oppgåver som ikkje er knytt til undervisning og pedagogisk leiging, samt redusere lønnskostnader.
- 9) Kommunedirektøren skal i løpet av 2026 eller 2027 undersøke om det kan gje innsparing å opprette ei forsterka skuleavdeling på Lonevåg skule der ein samlar eit team av ressursar – eksempelvis spesialpedagog, miljøarbeidar og vernepleiar – i lokale med god universell utforming og tilpassa utstyr. Dette er tenkt som eit frivillig tilbod som foreldre kan søke på. Målgruppa skal vere barn med så store helseutfordringar og/eller pedagogiske behov at det er dyrt og vanskeleg å gje eit fullgodt tilbod på kvar einskild nærskule, og der det er meir føremålstenleg å samle ressursane kring denne elevgruppa og bygge kompetanse på ein av skulane for å gje eit betre kvalitativt og pedagogisk tilbod.
- 10) Innleige frå vikarbyrå, skal berre skje etter avtale med fagforeining med innstillingsrett. Det gjeld ikkje dersom det er fare for liv og helse eller for uforsvarleg arbeidsbelastning på

tilsette, og heller ikkje ved eventuell innleige av lege. Dei tillitsvalde skal likevel i slike høve underrettast om at det har blitt leigd inn og, dersom kommunedirektøren vurderer det som mogeleg, takast med på drøfting av om mellombelse personalbehov kan løysast på annan måte enn ved innleige frå vikarbyrå.

11) Frå budsjettåret 2027 og ut økonomiplanperioden skal talet på flyktningar kommunen tek i mot reduserast frå 25 til 10. Vi har mangel på høvelege bustader til denne gruppa og den statlege finansieringa gjev ikkje full utgiftsdekning.

12) 'Tilsetjingsstopp' i administrative stillingar og leiarstillingar. Ved naturleg avgang eller ved behov for oppretting av nye stillingar i denne kategorien, skal kommunedirektøren legge fram sak om stillingsheimel for heradsstyret. I hastesaker har formannskapet fullmakt til å ta avgjerd. Kommunedirektør avgjer, i samråd med ordførar, om det er ei hastesak.

Innsparingane i tiltaka over skal, saman med reduksjonane i finanskostnader som framlegget til kutt investeringsbudsjettet vil gje, nyttast slik:

- 1) Barnehagesektoren skal så langt som råd skjermast frå kutt/kutta som er foreslått reverserast. Dette er ein hardt belasta sektor som, på trass av høgt arbeidspress, har klart å halde sjukefråværet så vidt lågt som 4%. Kutt i denne sektoren vil medføre risiko for auka sjukefråvær med den belastninga/kvalitetsreduksjonen det medfører for barnehagebarna og dei tilsette.(Finansiert gjennom nedlegging av Frivilligsentralen).
- 2) Kommunedirektøren skal vurdere ei prøveordning med VTO-arbeidsplassar i barnehage (finansiert ved nytt statleg tilskot på kr 310 520 kroner), og eventuelt også i skule og helse, dersom det kan gje innsparingar.
- 3) Styrke vedlikehald av kommunale vegar med ein sum som svarer til det kommunen sparar på å kutte to årsverk i kulturskulen.
- 4) 0,25% auke i sjukepleiarstilling Osterøytunet (finansiert gjennom nedlegging/rekommunalisering av Osterøy utvikling)
- 5) 1,5 årsverk helsefagarbeidar i heimetenesta (finansiert gjennom nedlegging/rekommunalisering av Osterøy utvikling)
- 6) Det skal gjennomførast ei sanering/nedbrenning av Tysse skule som ledd i ei brannøving (finansiert gjennom nedlegging av Levekårsutvalet).
- 7) Eventuelle resterande innsparingar skal inn på disposisjonsfondet.
- 8) Årets estimerte underskot på kroner 10 millionar skal leggst inn i posten Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen for 2026 eller 2027, og kommunedirektøren må syne i sektorane sine budsjett korleis inndecking av dette underskotet er fordelt.

## **Investeringsbudsjettet**

Kommunedirektøren skal gjennomføre fylgjande kutt:

1) Omsorg Pluss – Første byggesteg vert redusert. Første byggesteg skal vere å byggje 16 nye heildøgns omsorgsbustader på Hauge som dei som bur på bufelleskapet på Osterøytunet skal flytte inn i. Det kan budsjetterast med ein kvadratmeterkostnad på opptil 65 000 kroner.

Første byggesteg skal også omfatte ombygging av bufelleskapsfløyen på Osterøytunet (der det i dag er 16 leiligheter) til minst 20 nye sjukeheims plassar. Nokre av romma skal vere så store at ektepar, og andre som ynskjer det, kan bu saman. Sidan det ikkje kjem kostnader til opparbeiding av tomt/grunnarbeid og 'råbygg' for denne ombygginga, skal det budsjetterast med ein kvadratmeterkostnad som ligg vesentleg under dei 65 000 kronene som vi må estimere at eit nytt helsebygg med nye heildøgns omsorgsbustader vil koste.

Byggelånsrenter for Omsorg Pluss må plussast på i investeringsbudsjettet om det skal finansierast der. Desse renteutgiftene kjem ikkje fram i kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett sjølv om det er planlagt tatt der.

Fellesareal som nye kontor til heimesjukepleie, butikk, kafe, livsynsnøytralt seremonirom, veveresenter m.m blir tatt ut av første byggesteg i Omsorg Pluss. Det vert heller ikkje budsjettert med nytt legesenter i Omsorg Pluss.

Kommunen skal gå i dialog med Hauge helselag med spørsmål om dei kan utvide Haugatun med mellom 5 til 10 nye bueiningar som kommunen kan disponere/framleige. Hovudmålgruppa skal vere eldre i utkanten av kommunen eller som bur i ueigna bustadmasse, og som er ressurskrevjande for kommunen å gje tilstrekkelege heimetenester til der dei bur i dag.

2) Avlastningsbustader og nytt dagsenter på Hauge blir tatt ut av budsjett- og økonomiplanen. Det skal likevel setjast av midlar i budsjettet til planlegging av eit slikt tiltak på Geitryggen, eventuelt i kombinasjon med oppgradering av eksisterande bustadmasse. Første byggesteg skal vere nye bustader. Føremålet er å utvikle einetiltak andre stader i kommune og samle desse for å redusere driftsutgifter. Dei resterande delane av prosjekt avlastningsbustader og nytt dagsenter, medrekna nye kontor for BUA, blir byggesteg 2. Dersom kommunen får kapasitet til å starte bygging av byggesteg 1 i budsjettperioden, kan kommunedirektøren be om auka løyvingar i samband med sak om revidert budsjett. Alternativt kan slik løyving handsamast i samband med budsjetthandsaming neste år. Byggesteg 2 blir ikkje iverksett i denne økonomiplanperioden.

3) Kjøp av eigedom/ innløyysning av grunn blir sett til null i investeringsbudsjettet. Dersom kommunen får behov for å kjøpe fast eigedom i investeringsplanperioden, skal det opp som sak i formannskapet. Formannskapet får fullmakt til å løyve inntil kroner 3 million årleg til dette føremålet, ved konkret behov, og oppjustere investeringsbudsjettet i samsvar med det.

4) Posten ombygging rådhus blir halvert frå 6 millionar til 3 millionar.

5) Det vert sett av 3 millionar til ombygging på Familiens hus med sikte på oppgraderingar som styrkar tryggleiken til dei tilsette i barnevernstenesta.

På inntektssida i investeringsbudsjettet skal det setjast opp:

1) Sal av kommunal eigedom med kroner 3 millionar årleg i budsjett og økonomiplanperioden.

### **Disposisjonsfondet**

Dei auka rammene/frie midlane kommunen har fått etter handsaming av statsbudsjettet i Stortinget, skal setjast inn på disposisjonsfondet.

### **Fullmakt til kommunedirektør – justeringar av talgrunnlag**

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte justeringar i budsjett- og økonomiplanframlegget (oppdatere talgrunnlaget) i samsvar med dei endringane i utgifter, inntekter, kostnader og investeringar som ho estimerer at dette budsjett- og økonomiplanvedtaket medfører.

Dersom kommunedirektøren finn at endringane over ikkje gjev inndekning for auke i sjukepleiarstilling og helsefagarbeidarstillingar, skal desse tiltaka ikkje leggst inn i driftsbudsjettet.

### **Oppfylging av det løpande økonomiarbeidet i budsjett- og økonomiplanperioden**

- 1) Kommunedirektøren skal kome med framlegg til nytt økonomireglement som gjev formannskapet auka økonomifullmakter.
- 2) Økonomiutvikling og oppfylging skal vere fast sak på alle formannskapsmøte.
- 3) Kommunedirektøren skal gjere framlegg om naudsynte budsjettrevisjonar til heradsstyret når årsrekneskapen viser meirforbruk og dersom tertialrapportane syner vesentlege avvik på inntekt eller utgiftsida, slik at heradsstyret får høve til å ta stilling til:
  - a) om postar i driftsbudsjettet skal aukast
  - b) om den aktuelle sektoren må gjennomføre inndekning av meirforbruk i eigne budsjett
  - c) om det må gjennomførast innsparingar i andre sektorar
  - d) om eventuelle auka inntekter skal gje rom for auke i driftsbudsjett
  - e) om eventuelle reduserte inntekter skal føre til kutt i driftsbudsjettet
  - f) om postar i investeringsbudsjettet skal aukast eller reduserast
  - g) om det er mogeleg å få til større låneavdrag
  - h) om det er mogeleg å få til større avsetning til disposisjonsfond

### **Grunngjeving for framlegget:**

Andre tertialrapport for 2025 syner at Osterøy kommune styrer mot eit underskot på om lag 9 millionar kroner. (Dette er likevel ikkje tatt med i kommunedirektøren sitt framlegg til

budsjett og økonomiplan under posten, Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen for 2026 eller 2027). Kommunen får underskot på trass av at inntektene har vore om lag 7 millionar kroner høgre enn budsjettert og sektorane tilsynelatande har hatt relativt god budsjett disiplin. Det er rett nok eit meirforbruk på om lag 5, 5 millionar kroner i oppvekst, men det ser for ein stor del ut til å skuldast utgifter til tiltak i barnevernstenesta som heradsstyret ikkje kunne forutsjå då budsjettet vart vedtatt. Det store meirforbruket og underskotet verkar i hovudsak forårsaka av at vi har bomma/underbudsjettert på løns- og pensjonsutgifter.

For å unngå underskot i 2026 og ha forsvarleg økonomistyring i økonomiplanperioden, lyt vi ta ned driftsutgiftene og redusere investeringsnivået sterkt. Kommunen er ikkje i nærleiken av å nå dei finansielle måltala sine med det framlegget til budsjett- og økonomiplan som ligg i bordet no. Det betyr at kommunen tek ein vesentleg finansiell risiko om heradsstyret vedtek det. For å unngå og kome i ein situasjon der kommunen ikkje kan innfri dei økonomiske forplikingane sine, med dei konsekvensane det vil få for tenestemottakarar og tilsette, må det budsjetterast og planleggast med større overskot i driftsbudsjettet og lågare gjeldsbyrde i investeringsbudsjettet.

### **Prioriteringane i budsjettframlegget**

Fleire av kutta som blir gjort framlegg om, vil ramme innbyggjarar og næringsliv på Osterøy. Så alvorleg som den økonomiske situasjonen til kommunen er no, må kutta likevel gjennomførast. Kommunen må konsentrere seg innsatsen om kjerneoppgåvene sine. Dei er :

- 1) Tryggleik, beredskap og infrastruktur. Det er difor ikkje gjort framlegg om ytterlegare kutt i sektor for samfunnsutvikling som til dømes har ansvar for viktige oppgåver som brannvern og kommunale vegar. Vegvedlikehald er styrka, men ikkje med på langt nær så mykje som ynskeleg.
- 2) Oppvekst og skule. Barnehage er søkt skjerma. Det er der dei vi møter dei minste og mest sårbare innbyggjarane våre. Det vert gjort framlegg om ytterlegare kutt i tildelingane til Lonevåg skule fordi elevtalet der går ned. Samstundes blir det bedd om ei utgreiinga av ei forsterka skuleavdeling i Lonevåg. Føremålet er å gje eit betre kvalitativt tilbod til elevar med omfattande og særskilde behov, og få til innsparingar og betre fagmiljø gjennom å samle ressurskrevjande tiltak på ein skule med ny og god bygningsmasse. Tilbodet skal vere søknadsbasert og frivillig. Etter opplæringslova har barn rett til å gå på nærskulen sin om dei og føresette ynskjer det. Det gjeld også barn med særskilde behov. Mange føresette ynskjer imidlertid eit betre tilbod enn det som det er mogeleg å få til på kvar einskild skule. Ein del kommunar løyser det gjennom å opprette sentraliserte og forsterka skuleavdelingar.
- 3) Helse. Her foreslår vi ei styrking med 0,25% sjukepleiarstilling på Osterøytunet og 1,5 årsverk helsefagarbeidarar i heimetenesta. Styrkinga handlar dels om å ha meir ressursar tilgjengeleg for å få ned sjukefråvær, samt redusere kostnader med overtid og vikar. Dels handlar ho om at det i åra som kjem blir fleire innbyggjarar over 80. Det vil gje auka press på både sjukeheim og heimeteneste. Det blir også høgre personalbehov når første byggesteg i Omsorg Pluss står klart og skal bemannast opp.

Det vert gjort framlegg om *store kutt i investeringsbudsjettet*. Mellom anna er første byggesteg av Omsorg Pluss vesentleg redusert og størsteparten av prosjekt avlastningsbustader og nytt dagsenter tatt heilt ut av budsjett- og økonomiplanen. Dette prosjektet må for ein stor del utsejast til første byggesteg av Omsorg pluss er ferdig, men det kan vurderast å bygge nye bustader og/eller oppgradere eksisterande bustadmasse på Geiteryggen for å redusere kostnader med einetiltak.

Årsaka til at det blir gjort framlegg om så store kutt i investeringsbudsjettet er at framtidige finanskostnader må reduserast for å sleppe og ta enno større kutt i driftsbudsjettet. Kommunen har heller ikkje personalressursar/ kapasitet i organisasjonen til å gjennomføre to så store prosjekt som Omsorg pluss og Nye avlastningsbustader og nytt dagsenter parallelt.

Osterøy kommune sitt finansielle måltal er at netto langsiktig gjeld, eks. sjølvkostlån og formidlingslån, ikkje skal overstige 75%. Ved utgangen av 2025 vil lånebyrda vere om lag 77%. I økonomiplanperioden vil ho stige til om lag 135 %, om kommunedirektøren sitt framlegg vert vedtatt slik det ligg føre. I kroner og øre utgjør dette om lag 1,4 mrd i auka lånegjeld. Årlege avdrag er låge, avdragstida svært lang og renteutgiftene blir enorme. Med kommunedirektøren sitt framlegg til investeringar vil kommunen sine årlege finanskostnader auke med om lag 65 millionar kroner frå i dag til 2030. Om renta stig meir enn det som er lagt til grunn, vil finanskostnadane bli enno høgare. Så store kutt i drifta som dette inneber, vil ikkje kommunen klare å gjennomføre. Investeringsnivået som kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett- og økonomiplan byggjer på, er difor ikkje økonomisk berekraftig.

*Inntektssida i investeringsbudsjettet* vert auka med sal av kommunal eigedom. Kommunen skal prøve å få selje kommunale eigedommar som den ikkje har konkrete planar med. Føremålet er å spare driftsutgifter med bygg og eigedommar som ikkje er i bruk. Det er også dårleg ressursforvaltning å ha ei stor ubrukt eigedomsportefølje. Det gjeld både for bygg og for kommunale landbruks-/skogeigedommar. Også bustadeigedommar som kommunen kan ha bruk for, men som vi ikkje har økonomi til å vedlikehalde på forsvarleg nivå til å gje anstendige butilhøve skal vurderast selt, om kommunedirektøren finn at det kan gje inntekter og innsparingar.

For å finansiere kostnadsveksten som kjem på grunn av ei aldrande befolkning er det søkt lagt inn *kutt i driftsbudsjettet*. Dei er mellom anna gjort i form av kutt i stillingar ved Lonevåg skule og kulturskulen og ved drift av SFO i feriar. Det er også lagt inn framlegg om å legge ned Frivilligsentral, Levekårsutval, avvikle/rekommunalisere Osterøy Utvikling, samt redusere tal flyktningar frå 2027. Eventuelle *overtalige tilsette* skal ved ledige stillingar få tilbod om anna passende arbeid i kommunen.

Nokre av framlegga knyter seg til å *styrke formannskapet og heradsstyret sitt arbeid med kommuneøkonomien*. Dei siste åra har kommunen hatt stort meirforbruk, utan at formannskapet og heradsstyret har fått lagt fram saker om revisjon av budsjett. Denne praksisen fråtek politikarane muligheten til ei ansvarleg og løpande økonomistyring og medfører at vi ikkje får tal frå revidert budsjett med inn i neste års budsjett og

økonomiarbeid. Dette må endrast. Praksisen med å referere til reviderte budsjett i årsrekneskapen, utan at heradsstyret har revidert budsjetta, skal opphøyre. I år har vi kun revidert investeringsbudsjettet, som vart redusert med godt og vel 12 millionar. I fjor reviderte vi korkje driftsbudsjett eller investeringsbudsjett.

Det er også viktig at heradsstyret blir avlasta med mindre økonomisaker. For desse sakene, og for arbeidet med innstillingar i dei sakene som skal i heradsstyret, må formannskapet i større grad setje seg i førarsetet. Økonomi må vere fast sak på alle formannskapsmøte slik den økonomiske situasjonen til kommunen er no.

-----

**Tilleggsforslag frå Turid Bjørndal Njåstad(Sp):**

Verbalpunkt: "Vidare drift av utstyrssentralen skal løysast av biblioteket"

-----

**Tilleggsforslag frå Kim Andre Hartveit(Frp):**

det vert gjeve driftstøtte til båtruta i indre Osterfjord på inntil kroner 350000kr.  
midlane vert tatt av ekstra rammeløyvingar som kommunen nyligt har fått frå regjeringa.  
avsetning til disposisjonsfondet vert endra likelydande.

-----

**Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt(Ap):**

200 000 vert brukt på å oppretthalde frivilligsentralen.  
Pengane vert henta frå disposisjonsfondet.

**Votering:**

**Tilleggsforslag frå Kim Andre Hartveit(Frp) falt med 10 røyster for og 17 røyster mot.**

**10 Røyster for:** Herdis Helle(Ap), V, Inp, 7Frp.

**17 Røyster mot:** 7Sp, Sv, 4H, Alexander Thunestvedt (Ap), Geir Olsen(Ap), Ann Kristin Borge(Ap)

-----

**Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt(Ap) falt med 5 røyster for og 22 røyster mot.**

**5 Røyster for:** Alexander Thunestvedt (Ap), Geir Olsen(Ap), Ann Kristin Borge(Ap), Jarle Skeidsvoll(Krf)

**22 Røyster mot:** Herdis Helle(Ap),Bjarte Aarland(Krf) , Inp Sv, 4H, 7Sp,7Frp,

-----

**Tilleggsforslag frå Turid Bjørndal Njåstad(Sp) vart samrøystes vedteke.**

-----

**Votering over delar av innstillinga frå formannskapet:**

Driftstilskotet til Osterøy utvikling skal vera på 1,5 millionar i 2026

500 000 vert sett på disposisjonsfond.

Punktet falt med 13 røyster for og 14 røyster mot:

**13 Røyster for:** SV, 4Ap, 7Frp Inp

**14 Røyster mot:** 4H, 7Sp, 2Krf, V

-----

**Votering over delar av innstillinga frå formannskapet:**

Kommunedirektøren skal vurdere ei prøveordning med VTO-arbeidsplassar i barnehage (finansiert ved nytt statleg tilskot på kr 310 520 kroner), og eventuelt også i skule og helse, dersom det kan gje innsparingar.

Punktet vart vedteke med 21 røyster for og 6 røyster mot:

**21 Røyster for:** 7Frp, 4Ap, V, Inp, Aksel Mjøs(H), Tor Georg Hella(H), Roald Martinsen(H), Kjellaug Hartveit(Sp), Janne Daltveit Tveit(Sp), Gerd Karin Njaastad(Sp), Turid Bjørndal Njåstad(Sp), Lars Fjelstad(Sp)

**6 Røyster mot:** Sv, 2Krf, Johannes Haugland(Sp), Helge Valestrand Edvardsdal(Sp), Johannes Borge(H)

**Innstilling frå Formannskapet vart sett opp mot fellesforslaget frå Herdis Helle(Ap) og Frp.**

**Innstilling frå Formannskapet vart vedteke med 17 røyster for og 10 røyster for fellesforslaget.**

**17 røyster for innstilling frå formannskapet:** 7Sp, Sv, V, 4H, 2Krf, Alexander Thunestvedt (Ap), Ann Kristin Borge(Ap)

**10 røyster for fellesforslaget frå Herdis Helle(Ap) og Frp:** 7Frp, Inp, Herdis Helle(Ap), Geir Olsen(Ap)

**Samla votering over budsjettet:**

Det samla budsjettet vart vedteke med 17 røyster for og 10 røyster mot.

**17 Røyster for:** 7Sp, Sv, V, 4H, 2Krf, Alexander Thunestvedt (Ap), Ann Kristin Borge(Ap)

**10 Røyster mot:** 7Frp, Inp, Herdis Helle(Ap), Geir Olsen(Ap)

-----  
**Protokolltilførsel frå Herdis Helle (Ap) og Frp:**

Med dette budsjett- og økonomiplanframlegget, er ikkje Osterøy kommune i nærleiken av å nå dei finansielle måltala sine.

Både driftsutgiftene og investeringsnivået ligg på eit så høgt nivå at det er stor risiko for at kommunen framover ikkje vil klare å innfri dei økonomiske pliktene sine i rett tid.

Det vil med andre ord truleg oppstå betalingsvanskar ganske raskt med dei konsekvensane det har for drifta og den framtidige økonomiske handleevna til kommunen.

Frå 2025 vil vi også ha med oss eit meirforbruk estimert til om lag 10 millionar kroner. Sidan heradsstyret heller ikkje har revidert budsjetta ifm tertialrapportane, går det ikkje fram av budsjett og økonomiplanframlegget når og korleis dette skal dekkast inn. Med så store låneopptak som kommunen no legg opp til, stiller vi spørsmål ved om det er realistisk til at kommunen vil klare å gjere så store innsparingar i drifta at vi både klarer å dekke auka finanskostnader og årets meirforbruk. Disposisjonsfondet vårt er tomt, og vi har ikkje andre reservar å tære på.

Heradsstyret i Osterøy kommune, får ikkje høve til å vedta reviderte budsjett.

Eit døme er at sjølv om årsrekneskapen for 2024 viste eit netto driftsresultat på minus kr 20 177 916, så la ikkje kommunedirektøren fram framlegg til revidert budsjett.

På trass av dette opplyser kommunedirektøren i budsjett- og økonomiplanframlegget at budsjettet er revidert. Det er det ikkje. Heradsstyret har ikkje løyvd desse midlane.

Den mangeårige praksisen med å fråta heradsstyret høve til å revidere budsjetta, gjer at det er umogeleg for heradsstyret å ta ansvar for å sikre ei forsvarleg og løpande budsjett- og økonomistyring gjennom året.

**Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 112/2025 Budsjett 2026 og  
Økonomiplan 2026-2029:**

**Budsjett for 2026, økonomiplan 2026-2029 samt investeringsplan for 2026-2029 vert  
vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl  
budsjettokument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2026:**

Midlar til fordeling (frå 1A)

647 838

|                                      |         |
|--------------------------------------|---------|
| Fellestenester                       | 50 492  |
| Oppvekst, undervisning og kultur     | 270 428 |
| Helse, omsorg og sosial              | 290 374 |
| Samfunnsutvikling (inkl sjølvkost)   | 38 942  |
| Sum                                  | 650 236 |
|                                      | 0       |
| Sentrale poster                      | -17 657 |
| Lønsreserve                          | 11 150  |
|                                      |         |
| Netto driftsresultat                 | 4 109   |
| Bruk av bundne driftsfond            | 1 778   |
| Avsettingar til disposisjonsfond     | -3 502  |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | -2 384  |
| Fremført til inndekning seinare år   | 0       |

1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3,5 % frå 01.01.26 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

2. Med verknad frå 01.01.2026 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2026»

3. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert fastsett frå 01.01.26 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2026 Plan-teknisk forvaltning - framlegg» med heimel i plan og bygningslova §33-1.

4. Renovasjonsgebyr.

- Full plass 1. -3. klasse kr. 1 700,-(økt med 6,3% frå 01.01.26)

|                        |                                      |
|------------------------|--------------------------------------|
|                        | kr. 1 800,-(økt med nye 5,9% frå     |
| 01.08.26)              |                                      |
| Dagsats                | Kr. 525,-(økt med 5% frå 01.08.26)   |
| Sats enkelttimar       | Kr. 126,-(økt med 5% frå 01.08.26)   |
| Gebyr ved sein henting | Kr. 367,- (økt med 5 % frå 01.08.26) |

1. Brukarbetaling for kulturskulen vert auka med 3,5 % for dei fleste betalingssatsene. Meir informasjon i vedlagt prisoversikt.

2. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2026 frå helse- og omsorgsdepartementet.

3. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

4. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjetttert i 2026 vert kr 82,6 millionar, herav sjølvkostlån kr 17,05 millionar.

5. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 30 millionar.

6. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

7. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2026.

a. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

- b. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.
  - c. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.
  - d. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre
  - e. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedomsskattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.
- 
- 1. Saker som kan medføre endring av dei vedtekte budsjetttrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.
  - 2. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.
  - 3. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.
  - 4. Budsjetttramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 6,150 millionar inkl kommunal tenesteyting.
  - 5. Budsjettforslaget for kontrollutvalet vert kr. 1 965 838,- .

**Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan vert vedteke med fylgjande endringar:**

**Kutt:**

2026 og resten av økonomiplanperioden:

Reduksjon vikarbudsjett skule: 160 000 kr

Legge ned frivilligsentralen: 170 000 kr

Auke sum omorganisering oppvekst: 350 000 kr

Frå 2027 og resten av økonomiplanperioden:

Reduksjon i leigeutgifter til Osterøy Utvikling: 500 000 kr

Framleige av lokale til frivilligsentralen: 200 000 kr

Legge ned frivilligsentralen: 30 000 kr (Totalt 200 000 kr, heilårseffekt)

**Påplussingar:**

2026 og resten av økonomiplanperioden:

Legge inn igjen midlar til arrangement i kulturskulen: 50 000 kr

Ikkje kutte i kontaktlærartillegg: 160 000 kr

Frå 2027 og resten av økonomiplanperioden:

Ikkje kutte i kontaktlærartillegg: 160 000 kr (totalt 320 000 kr i heilårseffekt)

**Endring i investeringsbudsjett:**

Asfaltering parkering Rolland vert gjort om til grusing og summen vert sett til 100 000 kr.

Totalt aukar overskotet i 2026 med 470 000 kr og årleg 530 000 kr i resten av økonomiplanperioden.

**I tillegg fremjast følgjande verbalpunkt:**

- Hogstmoden skog eig av Osterøy kommune skal avvirkast i 2026 der det er lønsamt.
- Alle verbalpunkt skal rapporterast på i samband med tertialrapport

-----

**Kommunedirektøren skal vurdere ei prøveordning med VTO-arbeidsplassar i barnehage (finansiert ved nytt statleg tilskot på kr 310 520 kroner), og eventuelt også i skule og helse, dersom det kan gje innsparingar.**

-----

**Verbalpunkt: "Vidare drift av utstyrssentralen skal løysast av biblioteket"**

## PS 113/25 Søknad om fritak for eigedomsskatt

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 113/2025 Søknad om fritak for eigedomsskatt:

**Bjarte Aarland (KrF) bad om at gildskapen hans skulle vurderast i samband med saka.**

Kari Mjøs (U) vart kalla inn som vara.

Bjarte Aarland (KrF) vart samrøystes erklært gild og skal delta i handsaminga av saka.

Kari Mjøs (U) forlet møtet og Bjarte Aarland (KrF) tok plassen sin att.

### **Innstilling frå Formannskapet:**

Kommunedirektøren tilrår at Opro AS ikkje får fritak etter eigedomsskattelova § 7 a eller §5 d.

Kommunedirektøren tilrår at Lonevåg Utvikling AS ikkje får fritak etter eigedomsskattelova § 7 a eller §5 d.

Kommunedirektøren tilrår at den norske kyrkja ikkje får fritak etter eigedomsskattelova § 7 a.

-----

### **Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):**

heradstyre gjer Opro AS fritak for eigendomsskatt

heradstyre gjer Lonevåg Utvikling AS fritak for eigendomsskatt

heradstyre gjer den norske kyrkja fritak for eigendomsskatt

### **Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp).

Innstillingen frå formannskapet vart vedteke med 14 røyster for og 12 røyster for framlegget frå Kim Andre Hartveit(Frp).

**For innstilling frå formannskapet 14 røyster:** 4Ap, 7Sp, 2 KrF, SV

**For framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp) 12 røyster:** 4H, 7Frp, V

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 113/2025 Søknad om fritak for eierdomsskatt:

Kommunedirektøren tilrår at Opro AS ikkje får fritak etter eierdomsskattelova § 7 a eller §5 d.

Kommunedirektøren tilrår at Lonevåg Utvikling AS ikkje får fritak etter eierdomsskattelova § 7 a eller §5 d.

Kommunedirektøren tilrår at den norske kyrkja ikkje får fritak etter eierdomsskattelova § 7 a.

## PS 114/25 Avtale om vertskommunesamarbeid om feie- og tilsynstjenester

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 114/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid om feie- og tilsynstjenester:

### **Innstilling frå Formannskapet 26.11.2025**

- 1.Kommunestyret godkjenner Avtale om vertskommunesamarbeid om feie- og tilsynstjenester mellom Bergen kommune og Osterøy kommune, datert 27. oktober 2025.
- 2.Kommunestyret delegerer, med heimel i kommunelova § 20-2 tredje ledd, den myndigheita som følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter til brannsjefen i Bergen kommune, i samsvar med avtalen.
- 3.Avtalen trer i kraft frå og med 1. januar 2026.

### **Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 114/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid om feie- og tilsynstjenester:

- 1.Kommunestyret godkjenner Avtale om vertskommunesamarbeid om feie- og tilsynstjenester mellom Bergen kommune og Osterøy kommune, datert 27. oktober 2025.
- 2.Kommunestyret delegerer, med heimel i kommunelova § 20-2 tredje ledd, den myndigheita som følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter til brannsjefen i Bergen kommune, i samsvar med avtalen.
- 3.Avtalen trer i kraft frå og med 1. januar 2026.

## PS 115/25 Avtale om vertskommunesamarbeid om brann- og redningstjenester

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 115/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid om brann- og redningstjenester:

### **Innstilling frå Formannskapet 26.11.2025**

1. Heradsstyret godkjenner Avtale om vertskommunesamarbeid om brann- og redningstjenester mellom Bergen kommune og Osterøy kommune, datert 20. november 2025.
2. Heradsstyret delegerer, med heimel i kommunelova § 20-2 tredje ledd, den myndigheita som følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter, til brannsjefen i Bergen kommune, i samsvar med avtalen.
3. Avtalen trer i kraft frå og med 1. januar 2026.

### **Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 115/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid om brann- og redningstjenester:

- 1. Heradsstyret godkjenner Avtale om vertskommunesamarbeid om brann- og redningstjenester mellom Bergen kommune og Osterøy kommune, datert 20. november 2025.**
- 2. Heradsstyret delegerer, med heimel i kommunelova § 20-2 tredje ledd, den myndigheita som følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter, til brannsjefen i Bergen kommune, i samsvar med avtalen.**
- 3. Avtalen trer i kraft frå og med 1. januar 2026.**

## PS 116/25 Investeringsreglement Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 116/2025

Investeringsreglement Osterøy kommune:

### **Innstilling frå Formannskapet 26.11.2025**

Investeringsreglement for Osterøy kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Endring side 11, ny setning 2: Investeringar på over 10 millionar skal rapporterast til formannskapet, i kvart einaste formannskapsmøte.

-----

### **Tilleggsforslag frå Johannes Borge(H)**

Det vert lagt inn evaluering som fast punkt etter kvar fase.

### **Votering:**

Innstilling frå formannskapet og tilleggsforslag frå Johannes Borge(H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 116/2025 Investeringsreglement Osterøy kommune:

**Investeringsreglement for Osterøy kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**Endring side 11, ny setning 2: Investeringar på over 10 millionar skal rapporterast til formannskapet, i kvart einaste formannskapsmøte.**

**Det vert lagt inn evaluering som fast punkt etter kvar fase.**

PS 117/25 Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 117/2025 Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta:

**Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med ei full utgreiing av eit prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315. Dette prosjektet vert vurdert som alternativ til tomten på Hauge, gnr. 4 bnr. 146. Den opphavlege alternative tomten, parsell av gnr. 4 bnr. 2 blir teken ut og er ikkje aktuell som alternativ for prosjektet.

Kommunedirektøren kjem attende med ny sak når utgreiinga av prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315 er utført.

-----

**Tilleggsforslag frå Roald Martinsen(H)**

Følgende må være en del av utredningen:

En faglig vurdering av om tomten er egnet for et fullverdig bo- og avlastningssenter

En vurdering av fordeler og ulemper ved å samlokalisere BUA og disse 10 boligene.

Vurdering av om man skal bare bygge 10 boliger (eller evt. fleire) som et eget isolert prosjekt.

**Votering:**

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval og tilleggsforslag frå Roald Martinsen(H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 117/2025 Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta:

**Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med ei full utgreiing av eit prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315. Dette prosjektet vert vurdert som alternativ til tomten på Hauge, gnr. 4 bnr. 146. Den opphavlege alternative tomten, parsell av gnr. 4 bnr. 2 blir teken ut og er ikkje aktuell som alternativ for prosjektet.**

**Kommunedirektøren kjem attende med ny sak når utgreiinga av prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315 er utført.**

-----

**Følgende må være en del av utredningen:**

**En faglig vurdering av om tomten er egnet for et fullverdig bo- og avlastningssenter**

**En vurdering av fordeler og ulemper ved å samlokalisere BUA og disse 10 boligene.**

**Vurdering av om man skal bare bygge 10 boliger (eller evt. flere) som et eget isolert prosjekt.**

## PS 118/25 Rangering tilskotsordninga inkludering av barn og unge

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 118/2025 Rangering tilskotsordninga inkludering av barn og unge:

### **Innstilling frå Levekårsutvalet:**

Søknadene vert rangert i denne rekkefølga:

1. Folkeakademiet – Barne- & ungdomsakademiet
2. Osterøy skulebrass – Vidarføring av SFO-BRASS
3. Åsen velforening – Ballbinge
4. Connection Gospel Outreach – Barn og ungdom – tre års prosjekt

-----

Ungdomsrådet oppmodar kommunestyret om å prioritere

1. Folkeakademiet
2. Osterøy skulebrass.

-----

Ungdomsrådet får vedtaksrett i rangeringa av tilskotsordninga ut valperioden 2023–2027.

### **Votering:**

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 118/2025 Rangering tilskotsordninga inkludering av barn og unge:

Søknadene vert rangert i denne rekkefølga:

1. Folkeakademiet – Barne- & ungdomsakademiet
2. Osterøy skulebrass – Vidarføring av SFO-BRASS
3. Åsen velforening – Ballbinge
4. Connection Gospel Outreach – Barn og ungdom – tre års prosjekt

-----

Ungdomsrådet oppmodar kommunestyret om å prioritere

1. Folkeakademiet
2. Osterøy skulebrass.

-----

Ungdomsrådet får vedtaksrett i rangeringa av tilskotsordninga ut valperioden 2023–2027.

## PS 119/25 Rangering av søknader om tilskot til verna kulturminne

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 119/2025 Rangering av søknader om tilskot til verna kulturminne:

### **Innstilling frå Formannskapet 26.11.2025**

Osterøy kommune vedtek denne rangeringslista for søknader om tilskot til verna kulturminne:

- 1.Brakakledd løe på GBNR 144/2
- 2.Skifertak på gamlehuset på GBNR 144/1

### **Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 119/2025 Rangering av søknader om tilskot til verna kulturminne:

Osterøy kommune vedtek denne rangeringslista for søknader om tilskot til verna kulturminne:

- 1.Brakakledd løe på GBNR 144/2
- 2.Skifertak på gamlehuset på GBNR 144/1

PS 120/25 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 120/2025 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad:

**Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 03.12.2025**

Forslag til reguleringsplan for Solberg Mek. Verkstad AS – planID 46302025001 med plankart datert 10.11.2025, føresegner datert 19.11.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan og bygningslova §12-10. Planforslaget vært tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Frist for å gi uttale og eventuelt fremme motsegn skal være minst seks veker.

**Votering:**

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 120/2025 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad:

**Forslag til reguleringsplan for Solberg Mek. Verkstad AS – planID 46302025001 med plankart datert 10.11.2025, føresegner datert 19.11.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan og bygningslova §12-10. Planforslaget vært tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Frist for å gi uttale og eventuelt fremme motsegn skal være minst seks veker.**

PS 121/25 Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 121/2025 Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.:

**Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 03.12.2025**

Framlegg til kommunedelplan Vassforsyning og Avlaup med vassmiljø 2026-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist seks – 6 veker frå kunngjeringsdato jf plan- og bygningslova § 11-14.

Administrasjon får fullmakt til å gjere mindre vesentlege rettingar/endingar i planframlegget.

**Votering:**

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 121/2025 Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.:

**Framlegg til kommunedelplan Vassforsyning og Avlaup med vassmiljø 2026-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist seks – 6 veker frå kunngjeringsdato jf plan- og bygningslova § 11-14.**

**Administrasjon får fullmakt til å gjere mindre vesentlege rettingar/endingar i planframlegget.**

## PS 122/25 Praktisk gjennomføring av politiske møter for periode 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 122/2025 Praktisk gjennomføring av politiske møter for periode 2023-2027:

### **Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad(Sp):**

Heradsstyret held fram med gjeldande praksis. Saka kjem opp att i desembermøtet 2027 for nytt heradsstyre.

### **Endringsforslag frå Kim Andre Hartveit(Frp):**

I dei dagane det vert planlagt orienteringar som trekker ut i tid, får ordfører mynde til å vurdere om møtene kan starta kl 1400

### **Endringsforslag frå Herdis Helle (Ap):**

Heildagsmøte budsjettkonferanse for heile heradsstyre utgår. Midlane blir brukt på heildags budsjettkonferanse for formannskapet i staden, og ein nøyer seg med å kalle inn heradsstyret nokre timar på slutten av dagen slik at det kan få bli orientert om budsjettarbeid og utfordringar av kommunedirektør/økonomisjef og få stille spørsmål i den forbindelse ( estimert to timar på slutten av dagen)

### **Votering:**

**Endringsforslag frå Herdis Helle (Ap) vart vedteke med 21 røyster for og 6 røyster mot.**

**21 Røyster for:** V, Inp, 4H, 4Ap, 7Frp, Bjarte Hammer Aarland(Krf), Frode Flesland(Sp), Helge Valestrand Edvardsdal(Sp), Janne Daltveit Tveit(Sp),

**6 Røyster mot:** Sv, Jarle Skeidsvoll(Krf), Gerd Karin Njaastad(Sp), Johannes Haugland(Sp), Lars Fjeldstad(Sp), Turid Bjørndal Njåstad(Sp),

-----

**Endringsforslag frå Kim Andre Hartveit(Frp) vart vedteke med 20 røyster for og 7 røyster mot (Sv, Jarle Skeidsvoll(Krf), Lars Fjeldstad(Sp), Frode Flesland(Sp), Bjarte Aarland(Krf), Ann Kristin Borge(Ap), Alexander Thunestvedt(Ap).**

-----

**Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad(Sp) vart vedteke med 26 røsyter for og ei røyst mot(Bjarte Aarland(Krf)).**

**Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 122/2025 Praktisk gjennomføring av politiske møter for periode 2023-2027:**

**Heradsstyret held fram med gjeldande praksis. Saka kjem opp att i desembermøtet 2027 for nytt heradsstyre.**

-----

**I dei dagane det vert planlagt orienteringer som trekker ut i tid, får ordfører mynde til å vurdere om møtena kan starta kl 1400.**

-----

**Heildagsmøte budsjettkonferanse for heile heradsstyre utgår. Midlane blir brukt på heildags budsjettkonferanse for formannskapet i staden, og ein nøyer seg med å kalle inn heradsstyret nokre timar på slutten av dagen slik at det kan få bli orientert om budsjettarbeid og utfordringar av kommunedirektør/økonomisjef og få stille spørsmål i den forbindelse ( estimert to timar på slutten av dagen).**

## PS 123/25 Val av ungdomsråd for perioden 2026-2027

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 123/2025 Val av ungdomsråd for perioden 2026-2027:

**Johannes Borge (H) bad om at gildskapen hans vart vurdert før saka vart handsama. Det vart ikkje kalla inn vara.**

Johannes Borge (H) vart samrøystes vurdert som gild.

-----

### **Innstilling frå valnemnda:**

#### **Medlem**

Jenny Hojem Litland

Erlend Fjellskålnes Sylta

Henrik Mjelstad Bernes

Tarjei Hole Styve

Mari Hammer

Eirin Krossøy

Anniken Nonås

#### **Vara**

Iris-Malena Kleppe

Ole Kristian H Rodal

Mariel Helland

Abigaile Marciukonyte

Amelie Thorbjørsen Svenheim

#### **Votering:**

Innstilling frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 123/2025 Val av ungdomsråd for perioden 2026-2027:

**Medlem**

**Jenny Hojem Litland**

**Erlend Fjellskålnes Sylta**

**Henrik Mjelstad Bernes**

**Tarjei Hole Styve**

**Mari Hammer**

**Eirin Krossøy**

**Anniken Nonås**

**Vara**

**Iris-Malena Kleppe**

**Ole Kristian H Rodal**

**Mariel Helland**

**Abigaile Marciukonyte**

**Amelie Thorbjørsen Svenheim**

PS 124/25 Andre saker/Spørsmål/Interpellasjonar

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 124/2025 Andre saker/Spørsmål/Interpellasjonar:

**Framlegg til vedtak frå Bjarte Aarland(Krf):**

Sak om Osterøyhjelpen vert sett på sakskartet

**Votering:**

Framlegg til vedtak frå Bjarte Aarland(Krf) fell med 4 røyster for(2Krf, Sv, Trygve Tønnesen(Frp)) og 24 røyster mot.

-----

**Protokollmerknad frå ordførar Lars Fjelstad:**

Ordføraren ønskjer alle i heradsstyret god jul.

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 124/2025 Andre saker/Spørsmål/Interpellasjonar:

**Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.**

EV 3/25 Evaluering /

Handsaming i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 3/2025 Evaluering:

Vedtak i Heradsstyret - 11.12.2025 av sak 3/2025 Evaluering:

**Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.**

